

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
127	Knut Øyjordet	01.12.23	34/23

VAL AV NY REVISOR

Saksdokument:

1. Brev av 27.09.23 frå Innlandet Revisjon IKS til fjellstyret.
2. Brev av 13.11.23 frå Gudbrandsdal Revisjon AS (GR) til fjellstyret, samt e-postutveksling med Tomas Smevik i GR.
3. Rundskriv om fjellstyra si rekneskap- og revisjonsordning.

Saksutgreiing:

Innlandet Revisjon har av kapasitetsmessige grunnar sagt frå seg oppdraget med å revidere årsrekneskap for dei seks fjellstyra i Nord-Gudbrandsdalen. Fjellstyret må difor skaffe seg ny revisor. Fjellstyra er pålagde å nytte kommunal- eller registrert revisor, jf. «rundskriv om fjellstyrenes regnskaps- og revisjonsordning». Revisjonsmelding skal leggjast fram for Statskog innan 1. april, i praksis har datoen vore 1. mai. Men Innlandet Revisjon har hatt problem med å halde denne fristen.

Det er tatt kontakt med Gudbrandsdal Revisjon (GR), som har gjeve tilbakemelding om at dei kan ta oppdrag med å revidere rekneskapet for fjellstyret, og vi har fått eit pristilbod. GR reviderer i dag rekneskapet til fjellstyra Sollia, Ringebu, Øyer og Gausdal, og er såleis kjent med fjellstyra sine rekneskap. Lom fjellstyre har allereie gjort vedtak om å inngå avtale med GR.

Vedtak:

Vågå fjellstyre vedtek å inngå avtale med Gudbrandsdal Revisjon AS om revisjon av årsrekneskapet til fjellstyret frå og med rekneskapsåret 2023, på dei vilkåra som ligg i tilbodet frå GR av 13.11.23.

Rett utskrift. Går til:

Gudbrandsdal Revisjon AS
Statskog SF
Vågå Rekneskap SA

Etter fullmakt

Hans Petter Vaberg (sign.)
Fjellstyreleder

Knut Øyjordet
Dagleg leder